

## EGENMELDING OM FRAVÆR

Skjemaet leveres til kontaktlærer første skoledag etter fravær.

Elev:	Klasse:
-------	---------

**Jeg var borte fra undervisninga:**  
(skriv inn dato og marker fravær)

<b>Mandag</b> Dato:	<b>Tirsdag</b> Dato:	<b>Onsdag</b> Dato:	<b>Torsdag</b> Dato:	<b>Fredag</b> Dato:
<input type="checkbox"/> Hele dagen <input type="checkbox"/> 1. time <input type="checkbox"/> 2. time <input type="checkbox"/> 3. time <input type="checkbox"/> 4. time <input type="checkbox"/> 5. time <input type="checkbox"/> 6. time <input type="checkbox"/> 7. time <input type="checkbox"/> 8. time	<input type="checkbox"/> Hele dagen <input type="checkbox"/> 1. time <input type="checkbox"/> 2. time <input type="checkbox"/> 3. time <input type="checkbox"/> 4. time <input type="checkbox"/> 5. time <input type="checkbox"/> 6. time <input type="checkbox"/> 7. time <input type="checkbox"/> 8. time <input type="checkbox"/> 9. time	<input type="checkbox"/> Hele dagen <input type="checkbox"/> 1. time <input type="checkbox"/> 2. time <input type="checkbox"/> 3. time <input type="checkbox"/> 4. time <input type="checkbox"/> 5. time <input type="checkbox"/> 6. time <input type="checkbox"/> 7. time <input type="checkbox"/> 8. time	<input type="checkbox"/> Hele dagen <input type="checkbox"/> 1. time <input type="checkbox"/> 2. time <input type="checkbox"/> 3. time <input type="checkbox"/> 4. time <input type="checkbox"/> 5. time <input type="checkbox"/> 6. time <input type="checkbox"/> 7. time <input type="checkbox"/> 8. time	<input type="checkbox"/> Hele dagen <input type="checkbox"/> 1. time <input type="checkbox"/> 2. time <input type="checkbox"/> 3. time <input type="checkbox"/> 4. time <input type="checkbox"/> 5. time <input type="checkbox"/> 6. time <input type="checkbox"/> 7. time <input type="checkbox"/> 8. time

**Fraværet skyldes** (sett kryss):

<input type="checkbox"/>	helse- eller velferdsgrunner (fravær over 10% som skal unntas fagfravær må dokumenteres).
<input type="checkbox"/>	arbeid som tillitsvalgt, politisk arbeid, hjelpearbeid eller lovpålagt oppmøte (må dokumenteres).
<input type="checkbox"/>	representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå (må dokumenteres).
<input type="checkbox"/>	andre årsaker.

NB: Ikke skriv konfidensielle opplysninger her. Evt. legeattest kan leveres til kontaktlærer i lukket konvolutt.

<input type="checkbox"/>	Fraværet (inntil 10 dager) skal ikke føres på vitnemålet jfr. § 3-47 i forskrift til Opplæringsloven.	<input type="checkbox"/>	Dokumentasjon ettersendes.
<input type="checkbox"/>	Dokumentasjon er vedlagt her eller levert tidligere.		

Dato:	Underskrift av elev:
.....	..... (evt. foresatte når eleven er umyndig) .....

### FRAVÆRSFØRING

Elever kan selv føre fraværet inn i fraværsmoduleen i SkoleArena og bør selv passe på å gjøre om timefravær til heldagsfravær. Eleven leverer fraværsmeldinga til kontaktlærer som sørger for å markere i fraværsmoduleen i SkoleArena at fraværet er dokumentert.

### FAGLIG OPPFØLGING

Lærere og elever oppfordres til et nært samarbeid om arbeidsoppgaver og faglig progresjon samt evt. innleveringsoppgaver via e-post i fraværstida når det dreier seg om lengre fravær. Det forventes at eleven selv sørger for å holde seg faglig oppdatert under fraværet fra skolen. **Fraværet vil alltid bli registrert på vanlig måte gjennom skoleåret og vil bli ført på avgangsvitnemålet dersom eleven ikke leverer dokumentasjon som tilsier at fraværet kan reduseres i henhold til «10dagers-regelen».** Dersom eleven har stort fravær, kan det føre til at lærerne ikke har grunnlag for å sette termin- eller standpunkt karakterer. **Udokumentert fravær i mer enn 10% av timene i et fag fører til at eleven ikke får vurdering med karakter (halvårsvurdering eller standpunkt karakter).**

# Fråværsreglement Gjeldande frå 1.august 2016.

Dette reglementet er ein del av [ordensreglementet](#) i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det vert vist til Forskrift til Opplæringslova §3-47 Føring av fråværi i vidaregåande opplæring, og gjeldande ordensreglement for dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Denne rutinen er eit vedlegg til ordensreglementet.

## Fråværi i vidaregåande skule

Det vert rekna som fråværi når eleven ikkje er til stades i opplæringa.

## Føring av fråværi

§1. Fråværet skal først av faglærar fortløpande, og normalt i løpet av veka. Fråværi som er kortare enn ein time, skal registrerast i minutt.

§2. Det er eleven sitt ansvar å dokumentere fråværet i forhold til kontaktlærar. For at dokumentert fråværi skal bli synleg i Skolearena, må kontaktlærar inn og endre fråværsårsaka. Dersom eleven er fråverande heile dagen, skal timefråværi gjerast om til heildagsfråværi.

Kontaktlærar har ansvar for at dokumentasjon blir oppbevart så lenge det er nødvendig for føremålet. Oppbevaring skal vere i samsvar med skulen sine rutinar.

§3. Eleven pliktar å følgje med på eige fråværi. Eleven må melde frå om eventuell feilføring til faglæraren innan 2 veker etter fråværsdato. Eleven må også melde frå om timefråværi som skal gjerast om til heildagsfråværi, seinast innan 2 veker. Etter 2 veker vil det ikkje bli gjort endringar.

§4. Dersom ein elev sluttar i eit fag, skal eventuelt fråværi først fram til registrert slutt dato. Dersom ein elev bytar fag, skal fråværi i tidlegare fag ikkje følgje med. Det same gjeld elev som skiftar skule.

§5. Dersom det blir gitt opplæring i fleire fag samtidig, for eksempel fagdagar eller skuleturar, må faglærarane i samband med fastsetjing av skulens årsplan, avklare kva fag det blir undervist i denne dagen, og korleis timane er fordelt på faga.

## Dokumentert fråværi:

§6 Alt fråværi skal først. Fråværi skal dokumenterast og takast hand om av kontaktlærar. Slik dokumentasjon kan for eksempel vere:

- erklæring frå lege eller tannlege
- timekort frå køyreskule
- stadfesting på deltaking på turar eller møter med ulike organisasjonar som korps, idrettslag, foreiningar
- beskjed frå elev eller føresette om fråværi, for eksempel via sms, e-post eller telefon

§7. Dersom det er mogleg, skal eleven dokumentere fråværet på førehand. Ved sjukdom skal skulen ved kontaktlærar eller faglærar, ha melding i løpet av første fråværsdag. Dersom eleven må forlate skulen pga. sjukdom eller andre årsaker, skal faglærar eller kontaktlærar ha beskjed.

§8. Eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

## Fråværi som ikkje er dokumentert

§9. Fråværi utan dokumentasjon kan føre til nedsett karakter i orden eller åtfærd.

§10. Om eleven kjem for seint, forlét klassen eller ikkje møter frå delar av opplæringa utan at dokumentasjon vert lagt fram, skal det registrerast som brot på reglementet.

## 10% -regelen – fråværi i meir enn 10% av timane i eit fag fører til at eleven ikkje får vurdering med karakter (halvårsvurdering eller standpunktkarakter).

§11. Unntak kan gjerast dersom fråværet skuldast følgjande:

- helse og velferdsgrunner
- arbeid som tillitsvald
- politisk arbeid
- hjelpearbeid
- lovpålagt oppmøte
- representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, td. idrett eller kultur (jf. § 3-47 femte ledd a til f)
- g. Elevar vil og kunne få unntatt fråværi på inntil to dagar til religiøse høgtider utanom Den norske kyrkja, jf. § 3-47 åttande ledd.

§12. For å kunne gjere unntak for helsegrunnar må det leggjast fram uttale frå lege eller anna sakkyndig.

Fråværi som skuldast kronisk sjukdom kan dokumenterast med eigenmelding frå føresett for umyndige elevar eller frå myndige elevar, når det på førehand er lagt fram uttale frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig som opplyser at eleven har ein kronisk sjukdom, eller at eleven er under langvarig behandling eller utgreiing av mogleg sjukdom. Ny uttale frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig må leggjast fram når rektor krev det.

§13. Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere fråværet. Dokumentasjon skal leggjast fram så snart som mogleg. Bestemmelsen i § 2 og §6 gjeld tilsvarande.

## §14: Viktige reglar om saksbehandling

Eleiv som står i fare for å nå fråværs grensa skal ha skriftleg varsel om fare for ikkje å få vurdering med karakter etter forskrift i opplæringslova § 3-7. Slik varsel skal også sendast til føresette for umyndige elevar.

Varsel skal sendast i god tid slik at det er mogleg for eleven å unngå at fråværs grensa blir nådd. Vi anbefalar at varsel blir gitt ved 5% fråværi.

Rektor må sikre at reglane og rutinane for varsel om fare for ikkje å få vurdering med karakter er kjend for alle lærarane.

Eleiv som har fråværi på meir enn 10 % av årstimetall i faget skal ikkje ha vurdering med karakter. Rektor må fatte vedtak om dette. Vedtaket skal vere skriftleg og sendast eleven og føresette til umyndige elevar saman med informasjon om klageadgang. Vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter kan pålagast til fylkesutdanningsjefen. Eventuell klage skal sendast til skulen.

Rektor kan bruke skjønn for udokumentert fråværi inntil 15 %, dette gjeld i heilt spesielle tilfelle.

## §15. Situasjonar som ikkje skal først som fråværi

- Organisert studiearbeid og skuleadministrative gjeremål, som deltaking i elevråd eller fylkeselevråd med underliggjande utval, etter avtale med faglærar eller rektor, skal ikkje først som fråværi. Med organisert studiearbeid meiner ein den delen av opplæringa der elevane etter avtale med skulen arbeider på eiga hand for å nå læreplanmål. Studiearbeidet skal vere organisert eller tilrettelagt av skulen i større eller mindre grad for klasser, grupper eller enkeltelevar.
- Avtalar med rådgivar, helseøster og pedagogisk-psykologisk teneste skal ikkje først som fråværi. Eleven har plikt til å dokumentere avtalen.
- Utsett eksamen, særskilt eksamen og ny eksamen skal ikkje reknast som fråværi. Dersom eleven ikkje møter opp til eksamen, skal dette først som fråværi.
- Elevar som deltek på andre aktiviteter i skulens regi (td. fagekursjonar) skal ikkje ha teljande fråværi i fag dei skulle hatt undervisning i på skulen i den tida aktiviteten varer.

## 10-dagars regel - fråværi som kan krevjast ikkje ført på vitnemål eller kompetansebevis

§16 «For inntil samanlagt 10 skuledagar i skuleåret kan eleven krevje at følgjande fråværi ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fråværet skuldast:

- helse- og velferdsgrunnar
- arbeid som tillitsvald
- politisk arbeid
- hjelpearbeid
- lovpålagt oppmøte
- representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
- inntil 2 dagar for elevar som er medlemmer av andre trossamfunn enn Den norske kyrkja. Fråværet må vere knytt opp mot ei religiøs høgtid. Krav med tilhøyrande dokumentasjon bør fremjast fortløpande og seinast 2 veker etter fråværet.

## Presiseringar pkt a – g : Bestemmelsen i § 18 gjeld.

§17. For at fråværi som skuldast helsegrunnar ikkje skal først på vitnemål/kompetansebevis, må eleven leggje fram legeerklæring som dokumentasjon. Fråværi som skuldast helsegrunnar, må vere meir enn tre dagar, og det er berre fråværi frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråværi på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråværi strykast frå og med første fråværsdag.

§18. Presiseringar pkt. a. – f.

- Helse- og velferdsgrunner kan vere:
  - sjukdom
  - gravferd
  - sjuke barn

- Arbeid som tillitsvald kan vere:
  - representant i kommunen sitt ungdomsråd
  - deltaking på møte eller i anna arbeid i Elevorganisasjonen

- Politisk arbeid kan vere:
  - landsmøtedelegat for eit politisk parti
  - medlem i kommunestyret
  - medlem i Ungdommens fylkesting
  - medlem i Ungdomspanelet
  - medlem i politiske utval på fylkesnivå
  - partirepresentant i skuledebattar

- Hjelpearbeid kan vere:
  - deltaking i leiteaksjonar via humanitære organisasjonar
  - deltaking i pålagte øvingar for trening til hjelpearbeid i humanitære organisasjonar
- Lovpålagt oppmøte kan vere:
  - innkalling til rettssak, vitneinnkalling
  - sesjon

- Representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå kan vere:
  - deltaking i ulike idrettslege meisterskap eller stemne
  - deltaking på konserter, kunst- og kulturarrangement